

# Protokoll – Årsmøte i Sunnfjord Idrettsråd

Førdehuset 22.03.2021, kl. 18:00

Velkomen v/leiar i Sunnfjord Idrettsråd Oddvar Huseklepp

## 1. Godkjenne dei fremmøtte representantene

Desse møte:

Sunnfjord idrettsråd: Oddvar Huseklepp, Tor Stadheim, Oddny Sønnesyn, Laila Tefre, Jan Herstad, Siss-May Edvardsen

Førde Idrettslag: Arne Helgheim, Tor Opseth, Odd Hagen, Lars Vegsund, Ann-Dyveke Huseth

Sunnfjord Tae Kwon Do: Hans-Martin Eldal Skilbrei

Gaular Idrettslag: Therese Myklebust, Ole Morten Vassdal

Tambarskjelvar Idrettslag: Bjørn Hundershagen

Valkomiteen: Magne Faleide

Gjester:

Sunnfjord kommune: Hilde Bjørkum

Vestland Idrettskrets: Anne Grete Naustdal, Narve Heggheim

*Framlegg: Dei frammøtte representantane vert godkjent. Samrøystes.*

## 2. Godkjenne innkalling, saksliste og forretningsorden

*Framlegg: Innkalling, saksliste og forretningsorden vert godkjent. Samrøystes*

## 3. Val av dirigent, referent, og to representantar til å underskrive protokollen

Forslag lagt fram i møtet:

Dirigent: Tor Stadheim

Referent: Siss-May Edvardsen

To representantar til å skrive under protokollen: Arne Helgheim, Tor Opseth

*Framlegg: Val av dirigent, referent og to representantar til å skrive under protokollen vert godkjent. Samrøystes.*

## 4. Handsame årsmeldinga

Tor Stadheim gjekk igjennom Årsmeldinga.

Det vart stilt spørsmål kring at ein person både er representert i Styret og i Valnemnda. Idrettsrådet vart òg gjort merksam på dette på stiftingsmøtet, og fekk der fullmakt til å arbeide vidare med å finne ein ny representant til valnemnda. Idrettsrådet har ikkje arbeidd med dette sidan stiftingsmøtet.

*Framlegg: Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre. Samrøystes.*

## 5. Handsame idrettsrådets regnskap i revidert stand

*Framlegg: Rekneskap i revidert stand vert godkjent. Samrøystes.*

## 6. Handsame framlegg til arbeidsprogram. Drøfte og prioritere planar for anleggsutbygging og aktivitetsutvikling

Det vart vist til avsnitt i årsmeldinga om oppgåver framover.

*Framlegg: Arbeidsprogram vert godkjent. Samrøystes.*

## 7. Handsame innkomne forslag og saker

a. Fordeling av LAM-midlar

*Framlegg: Årsmøtet godkjenner styret sitt forslag til fordeling av LAM-midlar. Samrøystes.*

## 8. Vedta budsjett

*Framlegg: Budsjett vert godkjent slik det ligg føre. Samrøystes.*

## 9. Val

### a) Styret

Valnemnda har vore leia av Magne Faleide som la fram følgjande forslag til årsmøtet:

Leiar Jan Herstad (Naustdal) - vald for 1 år

*Framlegg: Leiar presentert av valnemnda vert vald. Samrøystes.*

Nestleiar: Tor Starheim (Førde) - vald for 2 år

*Framlegg: Nestleiar presentert av valnemnda vert vald. Samrøystes.*

Styremedlemmar: Bjørn Anders Steinsund (Jølster) - vald for 2 år  
Sigve Mandelid (Førde) - vald for 2 år  
Siss-May Edvardsen (Naustdal) - ikkje på val (på val i 2022)  
Ole Morten Vassdal (Gaular) - vald for 1 år  
Oddny Sønnestyn (Førde) - ikkje på val (på val i 2022)

Vara: Arthur Norevik (Førde) - vald for 2 år  
Agnar Bøyum (Jølster) - ikkje på val (på val i 2022)

Revisor: Ann Olin Gullaksen (Førde) - attval – vald for 2 år  
Svein Inge Midtun (Gaular) – ikkje på val (på val i 2022)

Kontrollnemnd: Oddvar Huseklepp - vald for 2 år  
Jon Hjelkrem - vald for 2 år

*Framlegg: Styremedlemmar, vara, revisor og kontrollnemnd lagt fram av valnemnda vert vald. Samrøystes.*

### b) Representantar til idrettskrinstinget

*Framlegg: Styret får fullmakt til å velje representantar til idrettskrinstinget. Samrøystes.*

### c) Valnemnd

Magne Faleide (Førde) – attval – vald for 2 år  
Robert Midtbø (Førde) – attval – vald for 2 år  
Ellen Bijsterbosch Van Hal (Jølster) – ikkje på val  
John Søgner (Gaular) – ikkje på val  
Siss-May Edvardsen – ikkje på val  
Kirsten Bruland (Førde) – attval – vald for 2 år


Innspel frå Vestland Idrettskrets. Det er ikkje lovleg å ha same person representert både i styret og i valnemnd.


*Framlegg til vedtak: Valnemnda vert godkjent slik ho ligg føre.*

*Tillegg til framlegg: Styret får fullmakt til å velje nytt medlem til valnemnda jf. merknad frå Vestland Idrettskrets.*

Samrøystes.

Førde, 26/4-21  
dato

  
Arne Helgheim

  
Tor Opseth